

Folket i Sjøvangen frå 1600- talet

Kjelde: Gards- og ættesoga for Eid og Fjelberg
NB: Gjeld hovudbruket. Ei rad husmannsplasser er ikkje med her.

Henrik Haraldson (?) g.m. Sissel Gjertsdotter (?) Begge døydde på 1600-talet
Vi veit om 3 barn, Jon, Harald og Malene

Harald Henrikson (d. 1698) g.m. Sigrid Eriksdotter (d. 1735)
Dei fekk 2 born. Sigrid vart så oppattgift med Nils Olsson, så nedanfor.

Sigrid Eriksdotter (d. 1735) g.m. Nils Olsson (1673 – 1741)
Dei fekk 2 born, Knut og Brita. Nils vart oppattgift med Guro Larsdotter og fekk 1 barn med henne, Helga, same året som han døydde.

Knut Nilsson (1713 – 1784) g.m. Ingeborg Steffensdotter (1722 – 1756)
Knut var gift 5 gonger, dette var 2. kona. Til saman hadde han 7 born og var enkjemann då han døydde.

Steffen Knutsson (1744 – 1807) g.m. Guri Haldorsdotter Hillestad (1761 – 1844)
Steffen og Guri fekk 10 born. Den fyrstefødde, Ingeborg, vart berre 1 år gamal. Seinare døydde dei 3 yngste 11., 12. og 13. mars 1803. Dei var då 7, 5 og 1 år gamle.

Knut Steffenson (1784 – 1849) g.m. Kristi Pedersdotter Nes (1781 – 1830)
Knut og Kristi fekk 7 born. Ikke alle vaks opp. Knut gifta seg oppatt i 1832 med Kristine Olsdotter. Knut Steffenson døydde av kolera i 1849.



Peder Knutsson (1816 -) g.m. Margrete Amundsdotter (1819 – 1904)
Dei hadde 2 born, Kristine (f.1840) og Knut (f.1842, d. liten)

Kristine Pedersdotter (1840 – 1912) + Lars Osmundsson (1837 – 1892)
Lars Osmundson kom frå Kaldheim i Etne og budde fyrst i Toftekalven)

Born:

- Magrete Sjøvangen (Geta) (1865 – budde i Sjøvangen.
- Anne Magrete (f. 1867, død liten)
- Knut Sjøvangen (f. 1869, til USA)
- (Osmund) Johan Sjøvangen (1871 – 1961) g.m. Kari Persdotter Bjørgen. Budde i «Neset».**
- Peder (Per) Sjøvangen (1873 – 1938) g.m. Olava Landa (1889 – 1974), \budde i Sjøvangen Nord.**
- Anna Magrete (f. 1875 -) g.m. Ola Sandvoll, budde på Sandvoll
- Lars (f. 1877, til USA)
- Laura Kristine (f. 1885, til USA)

Det er såleis oldefar til Peder og Johan Sjøvangen og dei andre syskena ovanfor som er gravlagt på Kolerakyrkjegarden i Svortevik. Johan fortalde at mor hans, Kristine Pedersdotter, hugsa vel frå gravferda. Ho var 9 år gamal då bestefaren vart boren til gravplassen i Svortevik.

”Dei som bar kista gjekk med faklar framføre andletet og tørkle for munnen”
(Kjelde: Muntleg overlevering frå Alf Hillestad)